
Vår referanse 2020/61386-1
Dato 13.08.2020

Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Attn.: Byrådsleiar og Byråd for klima, miljø og byutvikling

Elsparkesykler

Vestland fylkeskommune viser til kontakt med Bymiljøetaten i Bergen kommune om situasjonen rundt utplassering av el-sparkesyklar i Bergen sentrum. Vestland fylkeskommune er positive til Bergen kommune sitt arbeid med å regulere bruken av el-sparkesyklar og rydde opp i tilhøva til bruk av offentlig gategrunn for næringsverksemdar.

Vestland fylkeskommune har som vegeigar av fylkesvegane ansvar for trafikktryggleik og framkome for alle trafikantar på fylkesvegane, det gjeld også fortaua langs vegane. Ein vesentleg del av gatenettet i Bergen sentrum er fylkesveg.

El-sparkesyklar kan vere eit nyttig supplement i mobiliteten i ein by. Det kan hjelpe til med å redusere personbiltrafikken. Vidare ser vi at slike tilbod innanfor mikromobilitet kan vere effektivt for å redusere trengsel på kollektivtransporten på dei aller kortaste reisene. Vestland fylkeskommune stiller seg i så måte positiv til el-sparkesyklar.

Vi har, som Bergen kommune, registrert at dei utplasserte el-sparkesyklane i mange tilfelle er til hinder for framkome for trafikken, særleg for mjuke trafikantar på fortaua rundt i byen. Vestland fylkeskommune er skeptisk til at utleigar av el-sparkesyklar har etablert seg i Bergen, utan å avklåre bruk av offentlig gategrunn med vegeigar for parkering av el-sparkesyklane. Fylkeskommunen sitt ønskje er at selskapet held seg til bruk av offentlig gategrunn som andre verksemdar må gjere, gjennom vedtak etter veglova og ein avtale med vegeigar om bruk av grunnen.

Vi ser fram til eit godt samarbeid mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune i denne saka

Med helsing

Jon Askeland
fylkesordfører

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Statens vegvesen Postboks 1010 Nordre Ål